

UTAN KONTAKT OG ENDRING?

Problemet

Dette innlegget er tenkt som ein freistnad på «historisk sosiolingvistik» eller «sosiolingvistiske arkeologi». Eg vil prøve å bruke sosiolingvistiske resonnement på språkhistoria. Det er ikkje heilt lett, for vi manglar relevante data og framstillingar. Men vi kan heller ikkje vente at historikarane legg framstillinga til rette for oss og formidlar det som er relevant for ein sosiolingvist. Mye av historieskrivinga har jo sin bakgrunn i statsrettslege konflikter; kvardagen åt folk og sosiolingvistiske forhold var lite interessante i slike tilfelle.

Kan sosiolingvistisk innsikt frå vår tid brukas til å kontrollere språkhistoriske framstillingar? Kan vi seie noe om kva som kan ha vore **mulig** eller **umulig** til visse tider i historia ut ifrå eit resonnement om at det må eit visst sosialt klima til for å få språkendingar? Det eg vil legge fram her, kjem til å bli spekulasjonar. Eg varslar om det her for eg vil ikkje selje innlegget for meir enn det er verdt.

Når vi bruker sosiolingvistikken på språkhistoria, er det sjølv sagt ein fare for å plassere samtida inn i fortida. Det gjeld i all historisk forståing. Men det fins ein nødvendig premiss for alt vitenskaplig studium av **variasjon**: at det samtidig fins noe som er **konstant**. Om ikkje det var slik, ville alt vere kaos, og det ville vere umulig både å observere og samanlikne variasjon. Dette gjeld òg for historisk variasjon. Eit kjent sitat av forfattaren Sigrid Undset kan beskrive denne konstante faktoren:

Ti sed og skik forandres meget, alt som tiderne lider, og menneskenes tro forandres og de tænker anderledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dage.
(Undset 1915:252.)

Det er altså visse medfødde menneskeegenskapar som må reknas som konstante. I denne samanhengen vår er det tale om både språkevna og den sosialpsykologiske konstitusjonen av mennesket.

Den nasjonale kanon

I dette innlegget skal eg stadfeste skuldningane som stadig blir reist mot nordistar: at vi alltid held oss til den gamle nasjonale kanon. I dette tilfellet gjeld det spørsmålet om sjølvstendige språkutviklingar eller påverknad mellom dei tre vestnordiske språka: islandsk, færøysk og norsk (først og fremst sørvestlandsk).

Forskingshistorisk er det to krefter som har påverka forskarane: politikk og mote. For nordmennene var det lenge viktig å dokumentere den mellomalderske stordomstida åt Noreg, og derfor var det viktig å framheve norsk dominans og på-

verknad. For islendingane – som dette hundreåret har stått i ein intens politisk strid for sjølvstende – har det vore enda viktigare å dokumentere det språklige sjølvstendet åt islandsk. Politikken i samtida har nok verka inn på språkforskarane.

Den andre krafta er akademiske motar. I eit par generasjonar nå har det vore ein høgt verdsett akademisk gymnastikk å demonstrere korleis strukturelle puslespel eller kabalar kan gå opp. Vi er mange som liker slike kabalar. Men det kan stundom vere nyttig å prøve på ein ny type spel.

I 1962 kom amerikanaren Kenneth G. Chapman med boka *Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships*. Han blei møtt med eit totalslakt. Ulykka var ikkje bare at boka var svak. Ulykka for Chapman var like mye at han møtte ein blomstrande lingvistik som var opptatt av å sjå på språket som strukturformlar og distinktive faktorar. Både Hreinn Benediktsson (1962) og Bjarne Ulvestad (1964) var opptatt av å avvise at ytre krefter kan vere årsak til likskapar mellom dei tre vestnordiske måla. Dei stiller eigentlig svært store dokumentasjonskrav til den som prøver seg på slike resonnement om ytre krefter. Men ein kan òg stille spørsmål om ikkje dei på si side ofte blir lettvinne når dei viser til at det er indre-strukturelle årsaker til endringane. Dei spesifiserer ikkje alltid desse årsakene, og da kan det lett bli magi å vise til dei.

Magi eller mystifikasjon er det f.eks. å stadig vise til at dei tre vestnordiske språka hadde felles **artikulasjonsbasis** – altså var så like i utgangspunktet at dei seinare kunne få same utviklingsdraga. Det går igjen hos fleire forskarar (Marius Hægstad tala om «kime») – men utan at dei prøver å konkretisere kva dette skulle vere.

Generaliseringar over språkendingane

Skal vi karakterisere generelt kva som har skjedd språklig med dei gamle tre vestnordiske språka, kan vi seie at islandsk har fått få syntaktiske og morfologiske forandringar. Fonologisk har det derimot foregått ein god del forskyvingar i systemet.

Færøysk har fått større syntaktiske omleggingar, og er på nesten same stadium som ein del arkaiske norske dialektar i dag. Morfologisk er færøysk på eit «mellomstadium»; dei største endringane er kanskje at genitiv og konjunktiv ikkje er levande kategoriar lenger. (Her ser eg bort frå at skriftmålet prøver seg på kunstig andedrett når det gjeld genitiven.) Fonologisk er det få samanfall, men derimot ein revolusjon når det gjeld forskyvingar i systemet.

Norske dialektar har fått store syntaktiske og morfologiske endringar på dei tusen åra sia vi hadde eit felles vestnordisk språk. Fonologisk er mønsteret svært skiftande, for somme dialektar har fått ein god del samanfall, mens andre har fått færre samanfall enn islandsk. Somme norske dialektar er fonologisk altså nokså konservative.

Dette er ikkje anna enn freistnader på generaliseringar. Og så langt som dei er gyldige, stadfester dei eit inntrykk av at morfologiske forenklingar skjer lettast i eit land med stor kommunikasjon og kontakt. Vi tenker oss da at Noreg hadde større kontaktflate utover enn vesterhavsoyane. Ei slik generalisering blir f.eks. stadfesta

om vi jamfører med utviklinga av nye dialektar på industristader; der blir det morfologiske apparatet sterkt redusert. Det skjer òg med foneminventaret. Derimot kan forskyvingar i det fonologiske systemet lettare skje i isolerte språksamfunn (jf. Trudgill [under trykking]), som altså det islandske og færøyske.

Første konkrete spørsmålet eg vil drøfte nærare, er den islandske språkkonservatismen og korfor den er mulig.

Islandsk språkkonservatisme

Spørsmålet om islandsk språkkonservatisme er gåtefullt og fascinerande, og det er ført fram mange forslag til forklaringar. Gjengangarar er isolasjon og f.eks. det Karl-Hampus Dahlstedt nemner i eit arbeid (1958:22): «nybygd, Alltinget og læskunnigheten». Det kan vere nyttig å overprøve desse hypotesane ut ifrå ei sosiolingvistisk forståing.

La oss starte med denne siste forklaringsfaktoren, «læskunnigheten», eller den høge litterariteten som ein ville kalle det i dag. Somme reknar med at alt folket på Island har vore lesekyndig sia 1100-talet. Det er vanskelig å etterprøve slike påstandar. Men vi kan i alle fall prøve å tru på dei. Bokkulturen har vore svært sterk på Island i heile denne tida med svært mange bøker eller handskrifter ute blant folk. Forklaringa med lesekyndig er faktisk den som oftast blir brukt i omtalar av islandsk språkhistorie, og sjølvstendekjempa Jón Sigurðsson - frå førre hundreåret - framhevar dette tydelig: «það eru bókmenntir vorar, sem hafa haldið tungu vorri við og geymt hana um margar aldir.» (Jf. Dahlstedt 1958:26.)

I eit romantisk fortidsbilde kan ein da tenke seg bønder som sat dei lange vinterkveldane i torvhusa kringom på Island og las i gamle skinnbøker skrivne på eit gammalvore språk. Kring seg hadde dei heile huslyden, som levde seg inn i dei eventyrlige forteljingane og i språket. Når dei småe ungene skulle lære seg lesekyndig, brukte dei òg desse gamle bøkene.

Tanken er at i eit samfunn der skriftkulturen står så sterkt som dette, der får samfunnsmedlemmene terpa inn språkidealet, den språklige norma. Dei får bygd opp ein språkkompetanse gjennom å bli bombardert med språkpåverknad.

Men med syn for dei sosiale faktorane som er vilkåra for språklæring, veit vi at lesesituasjonane spelar lita rolle for språkutviklinga. Ein kan gjennom mye lesing få ein viss passiv kompetanse i eit språk, men det er ikkje det same som at folk bruker dette språket munnlig. Skal ein ta det i bruk, må heilt spesielle sosialpsykologiske føresetnader innfrias. Lesesituasjonen er ingen naturleg kommunikasjonssituasjon, først og fremst fordi opplesaren tar ein annens rolle; det er gitt i situasjonen at han er bare formidlar. Om vi tenker oss f.eks. ein ujamn kommunikasjonssituasjon der den eine samtaledeltakaren er initiativtakar og den sterke premissleverandøren for normer og tema, så krevs det at hin partnaren tar del i samtalen ved å vise at han er med, at han er einig, at han heng på i resonnementet, osv. I det minste krevs det at han gir positive signal ved eit «javel, akkurat», eller på islandsk «einmitt», og eit nikk og ein smil på rette plassane. Ein naturleg samtalesituasjon er altså ein skapingsprosess der begge partane er med og lagar ein fellesskap, og språkpåverk-

naden er avhengig av at den eine identifiserer seg med hin og viser dette også med språklige middel. I lesesituasjonen er det ikkje slik, tilhøraren – ja, òg opplesaren – kan vere heilt ueinig i det som blir lese. Det er ikkje føresetten noen deltaking. Lesesituasjonen er eit spel der dei som er til stades, ikkje er direkte involvert, og derfor representerer han ikkje dei rette føresetnadene for påverknad. Lesesituasjonane er ikkje **identitetshandlingar**.

Slike resonnement kjenner vi òg frå diskusjonen om moderne språkutvikling. I dag les nok folk meir enn noen gong før; dessutan har vi fått nye medium i tillegg til boka, nemlig radio og fjernsyn, der ei stemme og eit ansikt kjem heilt inn i stua vår. Det er ei utbreidd tru at desse media styrer språkutviklinga i dag. Men det er ikkje vanskelig å finne undersøkingsresultat som viser at språkutviklinga går stikk i strid med dei normene som blir formidla gjennom desse media. Og forklaringa er igjen at bruken av desse media ikkje representerer naturlege tovegs kommunikasjonssituasjonar.¹

Den neste faktoren vi skal sjå på, gjeld om Island, som ligg langt uti havet, var isolert eller hadde **liten kontakt med omverda**. Igjen er det tale om eit bilde som kan ha ulike sjatteringar. Der konservatismen og den sjølvstendige språkutviklinga skal framhevas, er isolasjonen eit viktig poeng. I samanhengar der ein ønskjer å framheve andre sider, blir det peikt på f.eks. eit livlig handelssamkvem med Bergen, seinare med Danmark, og med tyske og engelske kjøpmenn som kom til Island. Sigurður Lindal (1974:211) i *Saga Íslands* legg nettopp vekt på kor mye islendingane reiste, og at dei kanskje derfor hadde betre geografisk oversikt enn andre folk på same tida. Det har komme mange impulsar utafra til Island, enten ved at islendingane sjølve har tatt dei med heim frå utalandsreiser, eller ved at utalandske kjøpmenn og fiskarar, ja òg folk frå skipbrott, har vore på Island. Embetsmennene har òg ofte vore utlendingar. Derfor skal vi ikkje overdrive forestillinga om isolasjon.

Men det er klart at det er ein type kontakt både Færøyane og Island har mangla nabokontakt. Desse øyane var isolert frå nærkontakt med ein del språklige nyutviklingar pga. at havet var ei grense. Derimot har nærkontakten innafor øysamfunnet Island vore stor nok til at dei fleste nye språkdrag som dukka opp der, har spreidd seg til heile landet.

Milroy & Milroy (1985:375 ff.) har prøvd å gi ei forklaring på den islandske språkkonservatismen med å vise til **nettverksteorien**. Konservatismen må ha med sterke band («strong ties») å gjøre, for dei krev lojalitet til tradisjonelle normer. Desse sterke bånd på Island finn Milroy & Milroy i det islandske ættesamfunnet, der det var svært viktig å kjenne til slekta si, for det var slekta ein kunne lite på i konfliktsituasjonar. Og slekt hadde ein over heile Island ettersom det var vanlig å ha giftarmål over store avstandar.

Eg har problem med å godta at det å vite at ein har slektingar, søskenbarn, tremenningar, firemenningar osv. på andre kantar av landet, gir ei sterk kjensle av so-

¹ Ei anna sak er det sjølv sagt at denne lesesituasjonen heldt oppe eit høgt kunnskapsnivå om historia og det eldre språket. Det kan ha verka inn på ordforrådet, idiomane og allusjonane, men neppe på dei språkssystematiske draga.

siale band som verkar konserverande inn på språket. Slektingane ville nok f.eks. kjenne plikt til å slutte opp om ein ved domsavstemmingar, og dei ville ha plikt til å ta hemn osv. Det er ei sanning i det gamle ordet om at blodet er tjukkare enn vatn, men det treng ikkje verke inn på dagligspråket åt folk, for ein er ikkje daglig avhengig av dei slektingane som bur på andre kanten av landet, og som ein ikkje har som naboar. Dei har ikkje daglig kontroll med ein, for dei spelar ikkje noen sentral rolle i nettverket. Slike slektingar høyrer ein mye om, men ein treffer dei sjeldan. Alltinget, som stadig blir nemnt som årsaksfaktor, hadde møte bare éin gong om året, og samtalar der styrte neppe måten folk snakka på når dei kom heim att.

Det må vere kvar dagsnettverket som betyr noe for kven ein føler seg avhengig av. Og det må vere makta som ligg i slik avhengnad, som styrer bindingane i det sosiale nettverket. Det blir ikkje fanga inn i skildringa åt Milroy & Milroy (1985).

Den faktoren eg trur gir dei viktigaste føresetnadene for språkutviklinga, er **busetnadsmønsteret**. Det som har dominert på Island, er einbølte gardar med lang avstand til neste gard. Tettstader er eit nokså nytt fenomen. I mellomalderen fans ingen tettstad (Þorsteinsson & Grímsdóttir 1989:158, Þorláksson 1979). For eksempel hadde endatil Reykjavík bare 300 innbyggjarar i 1800. Den sosiale kvar dagsverda åt islendingane var dermed styrt av svært tette sosiale nettverk innafør gardssamfunnet, og i slike nettverk er det klare normer. Vi treng ikkje rekne med at slike nettverk hadde såkalla flate strukturar, at alle var likeverdige, jambyrdige. Sterkaste normsettarane eller premissleverandørane er dei som andre kjenner seg mest avhengige av. Dette gjeld òg for språket.

Tenker vi på dei unge som skal lære språket og språknormene, finn dei sine forbilde innafør denne vesle og nære gruppa på garden, og derifrå fangar dei opp normene. Det vesentlige her er at det innafør slike gardssamfunn er fleire generasjonar i nettverket, og det vil seie at dei eldre gir normene for dei yngre. For å tøyse dette litt langt, kunne ein seie at ungane lærer språket av besteforeldra. Besteforeldra har kontroll.

I tettgrender og landsbyar derimot skjer ikkje utviklinga slik; der vil ungane - etter dei aller første læreåra - ta etter språket åt kameratane. Ungane får etter kvart sine egne nettverk utafør familien, og dei blir avhengige av gruppeleiarar der. Ungdomsgruppa får sine egne språknormer. Når generasjonane eller ungdomskulla lagar egne nettverk, får vi nye vilkår for språklig endring. For det første kan normene svært lett bli ulike frå generasjon til generasjon fordi nettverka ikkje omfattar fleire aldersgrupper, slik at dei eldre ikkje lenger har den same sosiale kontrollen. Og dessutan: Eit sosialt nettverk i opposisjon til eller i konkurranse med eit anna nettverk bruker lett språket som eit kjennemerke og som avstandsmarkør. Det vil seie at språkforskjellar som av ein eller annen grunn oppstår, kan få ein funksjon; dei er kjærkomne fordi dei kan brukas som signal om lojalitet og samhald innafør gruppa og signal om opposisjon overfor andre, f.eks. dei eldre. Språkforskjellar blir på denne måten faktisk utnytta og dyrka.


Tettgrender gir altså dei beste vilkåra for språklig endring. Og her blir det mulig å forstå korfor f.eks. Færøyanane har oppført seg språklig forskjellig frå Island. Til liks med Island har Færøyanane mangla nærkontakt med naboar, pga. havet. Men likevel har dei fått store språkendingar, og der er relativt store dialektforskjellar.

Ei forklaring kan liggje i at Færøyanane har vore samansett av ca. 80 landsbysamfunn spreidde rundt på øyanane, mens det gamle Island var hopsett av einbølte gardssamfunn.

For dei som har trudd at eit grisgrendt land må få utvikla mange dialektar, bør dette vere overraskande, for konklusjonen etter dette resonnementet er den motsette: grisgrendt busetnad gir dårligaste vilkåra for språkending, og dermed for dialektforskjellar.

Strukturelt motiverte novasjonar

Vi skal skifte perspektiv og drøfte årsakene til ein del språkendingar som har skjedd trass i konservatismen. Vi skal konsentrere oss om korleis vi kan få like novasjonar i dei tre vestnordiske språka, altså konkret islandsk, færøysk og sørvestlandsk. (Vi overser i denne samanhengen resten av Noreg.)



Kartet viser språkområda for islandsk, færøysk og sørvestlandsk

Standardsvaret har i lengre tid vore at språka hadde eit felles utgangspunkt, ein felles 'artikulasjonsbasis', som gir same strukturvilkåra, og resultatet av det blir like endringar på ulike stader. Novasjonane er motivert ut ifrå like strukturar.

For somme språkendingar er ein slik påstand lett å godta. Det er ikkje nødvendig å leite etter forklaringar med sosial kontakt på fenomen som f.eks. diftongeringa av gamle lange vokalar, som vi finn på spreidde område i heile det germanske målvaldet. Her er det mulig å tenke seg at det er språkstrukturen som legg press på desse vokalane slik at dei blir endra. Kva som ligg i dette indre-lingvistiske presset, bør gjerast så presist som mulig i ei forklaring; og i dette tilfellet er det vanlig å vise til kvantitetsomlegginga, eller tendensen til slik omlegging, som vil skape eit behov for at tidligare korte og lange, men kvalitativt like vokalar, skil lag kvalitativt. Det skjer ved enten diftongering av lange eller lågning av korte. På den måten kan fonologien bli reorganisert utan at det er risiko for samanfall. Vi kan såleis godta at denne endringa er godt nok motivert strukturelt.

Andre fenomen kan forklarast på tilsvarende måte ved direkte press eller ved at strukturvilkår ligg til rette for ei viss utvikling. Eit tilfelle av det siste med vilkår utan press kan vi seie leniseringa er. Den har skjedd mange stader og trulig uavhengig av kvarandre, også på delar av Island og Færøyanane. Her var det mangelen

på kontrast i postvokalisk posisjon som gjorde det mulig med ei slik endring. Ordet *båt* kunne bli til *båd* fordi ein i den tidligare strukturen ikkje hadde *d* i denne posisjonen. Endringa er «ufarlig», for det skjer ikkje samanfall.

Segmenteringa av *ll* skjer i islandsk, færøysk og sørvestlandske dialektar og gjør at f.eks. verbet *kalla* blir til *kadla*. Det er interessant at denne endringa skjer bare i det vestnordiske dialektområdet, og det kunne sette tankane i sving om språklig kontakt. Men igjen kan vi seie at dette er kopla til kvantitetsomleggingane, særleg om vi held oss til «push chain»-forklaringar. Utviklinga skjer med alle lange *l*-ar, ikkje med korte. Vi har ei lingvistisk forklaring som kan gjøre ei utomspråklig forklaring overflødig. Dette kan dermed skje utan kontakt. Det er jo også ein god parallell at same konsonantismen har fått palatal uttale i nordvestlandsk, trønderisk og nordnorsk. Det same har dessutan skjedd i danske dialektar og finlandssvensk. Det ein oppnår språkstrukturelt her, er at ein kvalitetsforskjell i konsonantismen tar over funksjonen åt kvantitetsforskjellen. Det er same mønsteret som vi såg i vokaliseringen, for der òg tar kvalitetsforskjellar over for kvantitetsforskjellar, som ved diftongering og lågning, som eg nemnte.

På dette generelle planet er det altså likskap mellom palataliseringa og segmentasjonen. Men ved segmentasjonen oppstår det ingen nye fonem eller allofonar, slik ein ser ved palatalisering. Men distribusjonen blir endra ved segmenteringa, for i postvokalisk posisjon kunne ein ikkje ha plosiv *d* før; derimot kunne ein ha frikativ *ð*, slik at substantivet *kaðla* - dvs. *kaðall* i flt. akk. - fans. Det blei nå eit minimalt par til *kadla*. Segmentasjonen utnyttar eit hol i distribusjonen av *kvalitative* distinksjonar.

Differensiasjonen av *rl* og *rn*, som i *karl* til [kadl] og *korn* til [kodn], har nesten same geografiske distribusjon. Her òg er det mulig å levere ei strukturell forklaring: I fonologiske teoriar som pretenderer å gi universelle forklaringar, blir det hevda at dette er lite gode konsonantsamband, begge konsonantane er så klangfulle (eller sonore). Det gjeld særleg likvidane. Det er derfor svært **sannsynlig** at noe vil skje med dei i den historiske utviklinga. I norsk blir dei assimilert, somstad òg palatalisert, dvs. til [kal] og [kɔn] eller [kaʎ] og [kɔɲ]. I det gamle vestnordiske området blir dei altså differensiert. Resultatet er faktisk eit fonetisk samanfall mellom opphavlig *rl* og *ll* og mellom *rn* og *mn* både i differensiasjons- og i palataliseringsområdet. (Her ser eg bort frå nordislandsk *kardl*). Vi har her ei **generell** utvikling som er lik over eit stort område av Norden, det er bare den konkrete løysinga som er spesiell for vestnordisk.

Eg har her halde meg unna diskusjonar om preferanse for enten «push-chain»- eller «drag-chain»-rørsler. Begge alternativa er strukturelle indre-lingvistiske, og det er viktigast for resonnementa under dette punktet.

Novasjonar utan opplagte strukturforklaringar

Eit fenomen som er vanskeligare å grunngi strukturelt, er segmentasjonen av *mn*, altså lang *n* i islandsk, færøysk og noen sørvestlandske dialektar. Denne segmentasjonen skjer **bare etter lang vokalisme**. I islandsk heiter det /steidn/ *steim*, men

derimot /fɪna/ *finna*, som hadde kort vokalisme framom nasalen. I ein del sørvestlandske dialektar òg heiter det /stei:dn/, men /fina/. I færøysk kjem same mønsteret fram i f.eks. *seimmi* /saidni/, men *finna* /fina/. (Nordafjords etter diftong, på Suðuroy òg etter andre gamle lange vokalar: *ánni* /odni/ f. sg. dat. 'elva'.)

Dermed får ikkje *mn* og *rn* lik utvikling, slik *ll* og *rl* har fått både i desse måla og i andre dialektar. Det er faktisk eit mønster over eit stort skandinaviske område at ein får samanfall mellom *ll* og *rl* og mellom *mn* og *rn* – til enten alveolar, palatal eller eit segmentasjons-/differensiasjons-produkt. I dei tre vestnorske språkområda manglar altså den fulle parallelliteten pga. at endringa av *mn* blir avhengig av vokal-kvantiteten.

Korleis kan noe så innvikla skje på fleire plassar uavhengig av kvarandre? Det strukturelt aller enklaste ville jo vere at alle lange laterale approksimantar (= *ll*) og alle lange nasalar (= *mn*) blei segmentert parallelt. Det kunne vore forklart strukturelt med å vise til at den distinktive kvantiteten på konsonanten blei bytt ut med eit kvalitativt drag som vist under punktet ovafor. Dette skjedde bare i eit lite område i Ytre Hordaland, og på Shetland.²

Dei som viser til indre strukturelle vilkår for utviklinga, bør spesifisere kva det går på. Så lenge dei ikkje gjør det, blir strukturargumentet ei mystifisering. Overgangen *mn* > *dn* etter bare lang vokalisme er ein **anomali**, som altså er likeins i alle tre landa. Det er det spesielle, og det tvingar oss til også å sjå med interesse på ytre forklaringar.

Begynner ein først å prøve den vegen, bør vi òg vere opne for at andre utviklingsdrag, som altså er strukturelt forståelige, kan ha fått same utviklingsgang i vestnorsk, færøysk og islandsk pga. ytre påverknad. At noe skjer, treng ikkje gjøre oss så nyssgjerrige. Men at **det same** skjer i alle tre landa i mange tilfelle, bør få oss til å gruble grundigare.

Tankekorso

Det fins ein del spørsmål kring språkutviklinga som strukturlingvistikken ikkje kan svare fullgodt på:

a) Det fins altså endringar som ikkje er godt strukturelt motivert, f.eks. *mn* > *dn* bare etter lang vokal.

b) Svært mange av endringane skjer 300-400 år etter landnåmet. Korleis kan ein da rekne med ein felles **artikulasjonsbasis**? Islandsk var eit 'blandingsspråk' – og viser faktisk teikn på det. I blandinga var det 42% innflyttarar frå Sørvestlandet. 42% andre stader frå i Noreg og 16% frå Sverige og Danmark – så langt ein har kunna lage statistikk på *Landnámabók*. Alle desse geografiske grupperingane spreidde seg over heile landet. Sjølv om det er eit høgt tal sørvestlendingar, ser vi av andre smeltediglar («melting pots») at det skjer store endringar under slike vilkår fram til eit homogent blandingsprodukt til slutt. (Jamfør om dialektane på industristadene Høyanger, Tyssedal og Odda i Sandve 1976, Omdal 1977/79, Sand-

² Det skjer også i eit par enkeltilfelle i færøysk: *tinna* [tidna] f. 'flint'.

øy 1987:250 f.) Også ut av den islandske smeltingen voks det fram eitt homogent islandsk språk, som neppe var identisk med noe av opphava.

Det er vanskelig å tru at heilt spesielle vestnorske allofonar skulle overleve i 300-400 år under slike vilkår. Det er fellestrekk og dei enkle mønstra som sigrar. Ei blanding, forenkling og stabilisering tar 3 generasjonar (altså ca. 70 år), det ser vi i norske industristader. Det vil seie at islandsk sannsynligvis har stabilisert seg med ein eigen uavhengig artikulasjonsbasis på 900-talet.

c) Dei like språkutviklingane skjer noenlunde samtidig i islandsk og sørvestlandsk og trulig færøysk – og altså 200-400 år etter landnåmet: 1) kort *e* og *æ* fall saman på 1100-talet, 2) *a* og *o* blei forlenget framom *ls*, *lk*, *lg*, *lf* på 1100-talet, 3) *á* og *ǫ* fall saman på 1100- og 1200-talet, 4) *fn* > *bn* på 1200-talet, 5) *rl* og *ll* fell saman i *dl* på 1200- og 1300-talet, 6) *rn* og *mn* går over til *dn* på 1200- og 1300-talet, 7) refleksivendinga *-sk* blir til *-st* på 1200- og 1300-talet.

d) Dei fonetiske resultatata er svært ofte like, som vi alt har sett.

e) Endringar skjer etter same intrikate fonologiske reglane, som tilfellet er med segmenteringa av *mn* > *dn*.

Det er slående med så mange like novasjonar i desse tre språkområda. I meldinga si av Chapman skriv Benediktsson m.a.:

Fyrstu aldirnar eftir landnámið má segja, að lítil munur sé á máli á Íslandi og í Noregi, en er frá líður, einkum er kemur fram á 14. öld og síðar, verður þessi munur æ meiri, eftir því sem fleiri og fleiri málbreytingar verða, er skilja tungurnar að. Það er einkum norska, sem breytist, en einnig í isl. verða fjölmargar breytingar, er hafa átt sinn þátt í, að málin hafa fjarlægzt meir og meir.
(Benediktsson 1962:152.)³

Her har Benediktsson valt å oversjå dei fenomena som er felles novasjonar mellom sørvestlandsk, islandsk og færøysk, og dei skaper jo faktisk større relativ fellesskap mot resten av Norden.

Min konklusjon så langt er at strukturlingvistane ikkje har svar på alle spørsmåla som pressar seg på.

Sosiale vilkår for påverknad?

Eg vonar vi nå har legitimert at vi kan leite etter ytre sosial kontakt. Kan hende Island ikkje har vore så isolert som det stundom blir hevda. For ikkje å vere urettvis vil eg nemne at det siste islandske arbeidet i språkhistorie (Karlsson 1989:18) fak-

³ «Dei første hundreåra etter landnåmet kan ein seie det var liten forskjell på språka på Island og i Noreg. Men etter kvart som tida gikk, særleg når ein kjem fram på 1300-talet, blir denne forskjellen større pga. at det skjer fleire og fleire språkendingar, som skil språka. Det er særleg norsken som blir endra, men også islandsk får mange endringar som skaper avstand mellom språka.» [Mi oms. HS.]

tisk opnar i generelle vendingar for at det kan ha vore påverknad frå norsk på islandsk fram til 1400.

Eg skal her gå igjennom noen punkt som bør konkretiseras når ein skal drøfte kor sannsynlig det er at det har funnes sosial kontakt og språkpåverknad mellom det gamle Island og Noreg. Færøyane kjem i praksis i skyggen i drøftinga pga. at vi har svært få konkrete opplysningar om kontaktane dit.

a) **Handelskontakt.** Fram til litt innpå 1400-talet var det stort handelssamkvem mellom Noreg og Island (Jóhannesson 1958:148). Da blei det slutt, for hansaen og engelskmennene tok over. Det er nemnt at det gikk gjennomsnittlig 10 skip pr. år kvar veg mellom Noreg og Island i denne tida. I 1118 kom heile 35 skip til Island; andre år kunne det vere færre pga. vêret. Dei første hundreåra etter landnåmet siglde islendingane sjølve på eigne båtar, men etter år 1000 blei det mindre. Dei åtte kort og godt færre og færre båtar. Kring 1200 fans det bare eitt islandsk havgåande skip, det som Snorre Sturluson åtte. Seinare åtte Hólar-bispen det.

Dette er interessante data. Det vil seie at hovudtendensen var at det var nordmenn som dreiv handel. Dessutan skjedde denne handelen mest med utgangspunkt i Bergen. Det er stundom framheva at Trondheim òg hadde ein del (Benediktsson 1962:161). Men det var neppe like mye. Vi ser f.eks. at dei politiske konfliktane kring rettar på denne handelen fram gjennom hundreåra gjeld aller mest kjøpmennene i Bergen. Og Bergen hadde ei tid monopol på både handel og skatteinnkreving. Men same korleis det er, er ikkje sambandet med Trondheim eit direkte motargument så lenge det også var kontakt med Bergen.

Men så bør vi spørje: Kva sosial kontakt var dette? Det er ikkje utan vidare opplagt at kjøpmennene gikk inn i dagliglivet åt islendingane, at dei tok del i kvardagsnettverket. Om dei ikkje gjorde det, hadde det nok som konsekvens at islendingane bara apa etter, imiterte som Trudgill kallar denne påverknaden – i motsetning til **akkomoderte** (= tilpassa seg). Slik påverknad er mindre, men slik kontakt ville sjølvsagt vere med på å spreie kunnskap om språkendingar som skjedde i Noreg.

Handelsmennene den tida hadde nok bra tid. Dei var i land i lengre tid og hadde ein del kontakt med folk, og dei skaffa seg kjenningar. Det fins ein del skildringar særleg frå 1200-talet som kan fortelje nærare om daglig hopehav mellom reisande nordmenn og islendingar. Dei norske kjøpmennene blanda seg tydeligvis godt med islendingane; dei var f.eks. deltakarar i dei harde interne stridane på 1200-talet og gikk inn i dei ymse hærane. Ari Þorgeirsson møtte i 1164 opp med 30 nordmenn og følgjet sitt på Alltinget, og Snorre Sturluson stilte i 1217 med 80 nordmenn.

Av sagaene går det òg fram at namngitte kjøpmenn kom igjen år etter år, og stundom overvintra dei. Ein hovding ville gjerne ha ein kjøpmann i overvintring hos seg, for det gav økonomiske fordelar og stundom særrettar ved varekjøp. Å kjøpe seg vennskap kan sjå ut til å ha vore viktig den tida.

Nordmennene kunne vere mange i tal. Knarrane tok ca. 30 mann, og på 1200-talet kom 'búzur' i bruk, og dei tok langt fleire. Dette vil seie at det fans svært mange og rike nordmenn rundt om på Island. (Þorláksson 1979:10.) Det kunne kanskje dreie seg om fleire hundre samtidig.

b) **Flyttingar/lengre opphald.** Handelsskipa var òg passasjerbåtar; reisande fikk far med slike båtar. Det er først og fremst islendingane som reiser til Noreg

eller via Noreg og vidare ut i Europa. Islendingane kunne òg ta seg arbeid i Noreg og vere der både vinteren over og i lengre tid, som tilfellet var f.eks. med Árni Ólafsson, som var klerk ei tid tidlig på 1400-talet i Noreg, seinare blei han bisp heime på Island (Þorsteinsson & Grimsdóttir 1989:209). Holm-Olsen (1990:105) held òg fram at islendingar arbeidde som skrivarar i Noreg for å skaffe seg inntekter. Slikt er det belegg på (jf. Lindal 1974:210 ff.). Kanskje gjaldt det òg færøyingane, for i Sørleie (1965:18) er det f.eks. rekna med at færøyingen som skreiv «Seyðabrævið» frá ca. 1310, oppheldt seg i Bergen i fleire år.

Eit interessant eksempel på reisande islendingar gjeld Þorgils skarði og vennen Bergur. Dei fikk i 1244 far til Bergen, og dei reiste vidare derifrå til storbonden Brynjólfur i Sogn. Denne Brynjólfur hadde vore mye på Island og var godt kjent med m.a. slekta åt Þorgils. Han hadde trulig skip som gikk i handel der. Faren hadde òg vore kjøpmann. Da Þorgils og Bergur kom til Brynjólfur, var det alt også ein annan islending der, Gunnar skáld. Þorgils blei verande i Noreg i átte år. (Þorláksson 1979:8 f.)

Slike personar som slår seg til for ei tid, er viktige, for dei kan reise heim att til Island og bli **språkmisjonærar** – for å bruke Steinsholts term frå moderne sosiolingvistikk (jf. Steinsholt 1964 og 1973). Folk ville sjå opp til dei, og det fans dei som identifiserte seg med dei og «akkommoderte» språket sitt. Det fans òg nordmenn som oppheldt seg på Island i lengre tid, f.eks. fleire av bispane etter 1238. Det var også norske kjøpmenn som gifta seg på Island, f.eks. både Þórir tottur og Ólafur tottur på 1200-talet. Når det er sagt om Egill Sölmundarson i Reykholt at han var av norsk ætt på farsida, vitnar det òg trulig om eit giftarmål. (Þorláksson 1979.)

c) **Økonomisk overordning.** Noreg fungerte statlig som overordna og som sentrum. Kongemakta var i Noreg, og handelssentrumet var i Bergen. Etter avtalen *Gamli sáttmáli* frá 1262 var islendingane endatil undersáttar av norskekongen. Men òg før den tid var konge og stormenn oppdragsgivarar for islendingane, f.eks. når det gjaldt å skrive bøker.

d) **Prestisje.** Handelsmennene var kanskje òg sett opp til, slik at dei og språket deires hadde ein viss prestisje. I alle fall kom dei frá det landet og den byen som trulig hadde prestisje på Island og Færøyaner pga. den økonomiske overordninga. Vi veit lite konkret om dette, men om rekonstruksjonen vår er rett, kunne norske språkdrag lett bli tatt opp i språket åt den islandske overklassen.

Eit indisium på den statusen norsk kunne ha, ser vi i alle dei norske skrivemåtane som islandske skrivarar legg seg etter på 1200- og 1300-talet. Det gjeld ikkje bare reine skrivekonvensjonar som *gh* for /g/, men òg skrivemåtar som bryt med det islandske språksystemet, som f.eks. former utan *u*-omlyd (f.eks. *mannum* for *mönnum*) og *l*- og *r*- for *hl*- og *hr*- i framlyd. Stefán Karlsson (1989:40 f.) kommenterer dette slik:

Þessara og fleiri norskra stafsetningareinkenna verður sérstaklega vart hjá mönnum sem líklegt er að hafi haft skriftir að atvinnu og fyrir þeim hefur trúlega vakað að temja sér stafsetningu sem gengi um allt ríki Noregs-

konungs en á seinni hluta 14. aldar mun íslenskur bókamarkaður í Noregi, sem hafði verið mikill, hafa liðið undir lok.⁴

e) **Klassesamfunn.** Det islandske samfunnet var ikkje egalitært. Somme islandske historikarar framhevar at her var fleire sosiale lag alt etter eigeidsforholda. Her var prestar, kyrkjebønder, sjøveigande bønder, leigendingar, husmenn, gardsarbeidarar og jordlause. (Jf. Björn Þorkelsson 1966:126 ff.)

I eit klassesamfunn er det gode vilkår for å utvikle språkforskjellar, for klassane har bruk for språklige kjennemerke å skilje seg ut med, dvs. at ein klasse tar lett opp noe utafrå og gjør det til sitt særpreg.

f) **Sosial mobilitet.** Om det var stor sosial mobilitet, veit vi lite om. Her må vi kanskje lese og tolke kjeldene på nytt. Kan vi påvise slik mobilitet, skulle moderne sosiolingvistikk tilseie at det måtte få språklige utslag, dvs. at folk «klatra» både sosialt og språklig.

g) **Barnekontakt.** Som Peter Trudgill har omtalt i boka *Dialects in Contact*, er det visse språkendringar som representerer så intrikate språkreglar at dei foreset at tilpassinga har skjedd i barnealderen når ein lærer språket på «naturlig måte». Det skulle nok gjelde f.eks. overgangen *mn* > *dn* etter lang vokalisme.

Har dette språkdraget f.eks. spreidd seg frå Noreg til Island, må det vere islandske barn som har tatt det opp etter ein nordmann som var inngift på Island, og som dermed kom inn i eit sosialt nettverk. Og begynner barna å ta etter, kan det gå fort med utviklinga etterpå. Slikt har vi gode eksempel på frå nyare tid. Det skal lite til for at eit språkdrag blir introdusert i eit samfunn. Det avgjørande spørsmålet er om det er sosialt grunnlag for spreiding.

Denne drøftinga over vilkår for endring kan oppsummeras slik:

a) handel	+
b) flyttingar	+
c) økonomisk overordning	+
d) prestisje	?
e) klassesamfunn	+
f) sosial mobilitet	?
g) barnekontakt	?

Dette var mange spekulasjonar. Men det er tilsikta, for eg trur det er *så* konkrete spørsmål vi må gå til historia med, skal vi sannsynleggjøre det eine eller andre. Vi må prøve å rekonstruere kvardagen åt folk for å kunne komme nærare kva som har vore mulig og umulig.

⁴ Desse og enda fleire særmerke frå norsk ortografi finn ein særleg hos folk som trulig har hatt skriving som arbeid; dei har trulig hatt i tankane å lære seg ein skrivemåte som var gyldig over heile Noregsveldet. Men i siste halvdel av 1300-talet kan det ha blitt slutt på marknaden for islandske bøker i Noreg, ein marknad som for hadde vore stor. [Mi oms. HS]

Retninga i kontakten

Før resonnementet her om kontakt som årsak til endringar er det irrelevant kva retning kontakten gikk i. Benediktsson (1962:160) understrekar at segmentasjon og differensiasjon trulig har skjedd før på Island enn i Noreg. I så fall skulle påverknaden heller ha gått til Noreg. Men tidsavstanden mellom dei dokumenterte endringane er så liten at han ikkje kan tilleggas vekt. Viktigast er det at utviklingane skjedde nære på samtidig.

Handelen fram til 1400 blei mest utført av nordmenn. Frå 1302 hadde bare nordmenn lov å handle i vest; islendingane fikk altså ikkje drive handel. Ettersom Noreg var dominerande i kontakten, er det rimelig at påverknaden gikk til Island. Statusfenomen spreier seg normalt frå sentrum til periferi.

Det er ikkje umulig at fenomenet kan gå frå periferien, heller ikkje at lågstatusfenomenet kan spreie seg. Slikt kjenner vi mange eksempel på. Men da krevs det nok meir nærkontakt, ettersom slik spreiring er basert på den motkrafta som ligg i gruppeidentitet og gruppesolidaritet.

Konklusjon

Eg vil ikkje avvise strukturelle vilkår for endringane på Island. Men det har lege for mye prestisje i å få den indrelingvistiske kabalen til å gå opp. Som vist ovafor, greier ikkje eg å få alt til å stemme i det spelet.

Dei ytre og dei indre årsakene må og kan supplere kvarandre, for det står også mange uavklarte spørsmål att om vi vil prøve oss med ytre forklaringar. Såleis har Bergen bymål ikkje dei særdraga vi her har snakka om. Dette er eit plagsamt motargument. Men til det er det først å seie at før 1200 blei handelen driven mest av storbønder, altså ikkje frå byen. Deretter tok profesjonelle kjøpmenn over. Dessutan var Bergen oppfylt av folk frå mange stader; og islendingane som overvintra, trong ikkje opphalde seg i Bergen. Vi veit ikkje kven i byen som hadde fått utvikla det nye bymålet, og heller ikkje kva tid. I det heile er dei fleste spørsmåla kring opphavet åt Bergen bymål uavklarte (jf. Rindal 1983).

Før 1400 var ikkje Island og Færøyane isolert frå Noreg. Det var nok kontakt til at **novasjonar kunne smitte over** – dersom dei sosiale vilkåra på Island og Færøyane var slik at dei var **mottakelige** for «smitte». Dette siste spørsmålet er det essensielle å arbeide vidare med.

Litteraturlistingar

- Benediktsson, Hreinn. 1962. [Bokmelding av] «Kenneth G. Chapman. Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships.» *Íslensk tunga* 3. S. 152-162.
- Chapman, Kenneth G. 1962. *Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships*. Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap. Suppl. bind VIII. Oslo: Universitetsforlaget.

- Dahlstedt, Karl-Hampus. 1958. «Ísländsk diallectgeografi. Några synpunkter.» *Scripta Islandica* I. S. 5-33.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1990. *Med fjærpen og pergament: Vår skriftkultur i middelalderen*. Oslo: Cappelen.
- Jóhannesson, Jón. 1958. *Íslendinga saga II. Fyrirlestrar og ritgerðir um tímabilið 1262-1550*. Reykjavík: Almenna Bókafélagið.
- Karlsón, Stefán. 1989. «Tungan.» *Íslensk þjóðmenning* VI. Utg. Frosti F. Jóhannesson. S. 1-54. Reykjavík: Bókaútgáfan Þjóðsaga.
- Lindal, Sigurður. 1974. «Ísland og umheimurinn.» *Saga Íslands* I. Utg. Sigurður Lindal. S. 199-223. Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafélag & Sögufélagið.
- Milroy, James & Lesley Milroy. 1985. «Linguistic change, social network and speaker innovation.» *Journal of Linguistics*. S. 339-384.
- Omdal, Helge. 1977. «Høyangermålet – en ny dialekt.» *Språklig Samling* 1/77. S. 7-9.
- Rindal, Magnus. 1983. «Bergens eldste bymål.» *Eigenproduksjon* 19. S. 39-49.
- Sandve, Bjørn Harald. 1976. *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal: Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra*. (Upublisert hovudoppgåve.) Bergen: Nordisk institutt.
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Steinsholt, Anders. 1964. *Målbryting i Hedrum*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 19. Oslo: Universitetsforlaget.
- Steinsholt, Anders. 1973. *Målbryting i Hedrum 30 år etter*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 26. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sorlie, Mikjel. 1965. *En færøysk-norsk lovbok fra omkring 1310: En studie i færøysk språkhistorie*. Tórshavn-Bergen-Oslo: Mentunargrunnur Føroya Løgtings & Universitetsforlaget.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Language in society 10. Oxford: Basil Blackwell.
- Trudgill, Peter. [Under trykking.] «Dialect Typology: Isolation, Social Network and Phonological Structure.»
- Þorláksson, Helgi. 1979. «Kaupmenn i þjónustu konungs.» *Mimir. Blað stúdenta í íslenskum fræðum* 13. S. 5-12.
- Þorsteinsson, Björn. 1966. *Ný Íslandssaga: Þjóðveldisöld*. Reykjavík: Heimskringla.
- Þorsteinsson, Björn & Guðrún Ása Grímsdóttir. 1989. «Norska öldin.» *Saga Íslands* IV. Utg. Sigurður Lindal. S. 61-258. Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafélag & Sögufélagið.
- Ulvestad, Bjarne. 1964. [Bokmelding av] «Icelandic-Norwegian linguistic relationships. By Kenneth G. Chapman.» *Language* 40. S. 601-604.
- Undset, Sigrid. 1915. *Fortællinger om kong Artur og ridderne av det runde bord*. Kristiania: Aschehoug.

Meddelanden från Institutionen för nordiska språk vid Stockholms universitet
MINS 40

Ulla-Britt Kotsinas & John Helgander (utg.)

Dialektkontakt, språkkontakt och
språkförändring i Norden

Föredrag från ett forskarsymposium

Stockholm 1994